



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 02.02.2019 kl. 00:00 (e-posthandsaming)

Stad: ASKVOLL

Medlemmer som har svart:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Terje Mork	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Reidar Andreas Knapstad	Medlem
Else Stølen	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
FR 2019/9		Orgel i Askvoll kyrkje - val av tilbod	RUNE ZIENER

Askvoll, 13.02.2019

Rune Ziener
kyrkjeverje

FR 2019/9 Orgel i Askvoll kyrkje - val av tilbod

UTGREIING

Saka vert lagt fram til handsaming pr. e-post pga. knappe tidsfristar.

Det vert vist til Askvoll sokn sitt investeringsbudsjett for 2019, og handsaming i sak FR 2019/7, når det gjeld prosjektnr. 1012 - Orgelrestaurering Askvoll.

Kantor Asbjørn Flåm, har vore soknet sin konsulent i saka, og har innhenta to tilbod (men tre tilbydarar er kontakta):

1) *JB Orgelverksted AS , Bergen: Tilbodssum kr 957.500,- (men med 3% rabatt ved rask kontraktsinngåing, altså kr 928.775,-)*

2) *Orgelbaumester Matthias Becker, Fredrikstad: Tilbodssum kr 395.000,-*

Asbjørn Flåm har hatt synfaring på orgelet og vurdert dei innkomne tilboda, og tilrår at ein vel tilbodet fra JB Orgelverksted med full restaurasjon.

Kyrkjeverja si vurdering:

Prisskilnaden i dei innkomne tilboda er betydeleg. På oppfølgingsspørsmål etter at tilråding frå Flåm er motteke, opplyser han munnleg at JB Orgelverksted sitt tilbod er langt meir omfattande, og at det i stor grad omfattar full utskifting av gamle orgeldelar, og ikkje berre utskifting av det som er slite (rehabilitering).

Flåm opplyser at med full restaurasjon, bør ein ha eit funksjonelt orgel i kanskje 50-60 år, men om ein berre vel rehabilitering, vil ein måtte pårekne nye reparasjonar kanskje om 10 år. Flåm si tilråding er at ein tek restaurasjonsarbeid frå grunnen av. Som Flåm skriv i si tilråding omfattar JB Orgelverkstad sitt tilbod både ei ny trompetstemme (som ikkje er av uvesentlig delkostnad), samt ny orgelkrakk.

Begge tilboda er innanfor vedteke budsjett (kr 940.000,-) for sjølve arbeidet.

Etter Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 skal alle enkeltinnkjøp over kr 100.000,- godkjennast av soknerådet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokn vel innkomne tilbod frå JB Orgelverksted AS om full restaurasjon.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å inngå kontrakt med orgelbygger.

MØTEHANDSAMING

Saka vart handsama pr. e-post, og 9 faste medlemmer samt tre varamedlemmer aksepterte handsamingsmetoden og gjekk for kyrkjeverja si innstilling.

VEDTAK

1. Askvoll sokn vel innkomne tilbod frå JB Orgelverksted AS om full restaurasjon.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å inngå kontrakt med orgelbygger.